



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Samarbeidsavtale mellom Aukra kommune og den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal

Avtalen regulerer samarbeidet og samarbeidsformer mellom den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal fylkeskommune og Aukra kommune. Avtalen skal sikre eit tværfagleg samarbeid mellom etatane slik at dei som hører til dei prioriterte gruppene skal få eit godt tannhelsetilbod etter gjeldande lovverk og retningslinjer.

Aukra kommune sitt ansvar:

- Forankre avtalen i rutinar og prosedyrar i institusjonane/etatane i kommunen som helsestasjon og skolehelsetenesta, helse- og omsorgstenesta, rusomsorg, flykingstenesta og barneverntenesta.
- Legge til rette for samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta til beste for dei prioriterte gruppene.
- Informere om tilboden den til offentlege tannhelsetenesta til personar som har rett på gratis tannhelsetenester.
- Informere den offentlege tannhelsetenesta om endringar i kommunen si organisering og planer for eks. helse- og omsorgstenesta som kan påverke tannhelsetenesta.

Den offentlege tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Sørge for tannhelseundersøking, opplæring og behandling til prioriterte grupper.
- Bidra med kompetanse i det helsefremmende og førebyggande arbeidet i samarbeid med relevant personell i kommunen.
- Kalle inn til samarbeidsmøte med leiarar og fagpersonar i dei aktuelle tenesteområde 1 gong pr. år, skrive referat og følgje opp eventuelle vedtak frå møtet.
- Informere om utvikling i tannhelsetilstanden til barn, unge og eldre ved institusjon
- Delta på relevante møteplassar og arbeidsgrupper der kommunen kan ha nytte av tannhelsetenesta si kompetanse.

Samarbeidet er forankra i følgande lovverk

- Lov om tannhelsetjenesten [lov/1983-06-30-54](#)
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester [lov/2011-06-24-30](#)
- Lov om folkehelsearbeid [lov/2011-06-24-29](#)
- Lov om helsepersonell [lov/1999-07-02-64](#)
- Lov om pasient- og brukerrettigheter [lov/1999-07-02-63](#)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker [Forvaltningsloven lov/1967-02-10](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune

Dato:.....

Sign.....
Aukra

fylkestannlege/tannhelsedirektør

Aukra kommune

Dato.....

Sign.....